



På plassar som dette er turvegen turr og fin.

**Den gamle vegen frå Uskedalen til Sandvikjo i Dimmelsvik gjekk frå gamalt lengre oppe i lia. Tidleg på 1980 talet vart noko av traseen funnen fram og rydda. Med avtale med gunneigarane vart det sett i gang dugnader.og ein fekk gjort eit stort arbeid fram til innmarka på Ytre Rød. Då var det stopp. Traseen frå Anlaug Rød mot Ljosnes er godt synleg og vert brukt som gangveg i dag.**

Det var Torgeir Helgeland, Kjell Yri og Terje Myklebust som for 30 år sidan starta arbeidet med å finna, rydda og tilretteleggja vegen for allmenn bruk. Alle visst at vegen gjekk gjennom byggefeltet i Halsane. Ein fann vegen godt synleg frå huset til Ingrid og Steinar Kroka og vidare innover mot Synet på Rød.

I samband med utbygginga i Ospelunden vil Oddbjørn Kroka ta fram prosjektet på nytt og blåsa nytt liv i arbeidet med den gamle vegen. Deler av traseen er turr og fin, andre plassar er det mykje vatn, store steinar og røter som gjer det vanskeleg å ta seg fram.



Her var det ein gong ein kvileplass med fin utsikt.

Ein dugande maskinkøyrar med dertil eigna maskin ville gjort eit godt arbeid på kort tid. Ein renessanse for Gamlevegen til Rød er eit godt prosjekt som vil få stor merksemd og støtte. I høve til kva arbeid som vert gjort med turstiar i andre bygder, ligg Uskedalen langt bak. Bortsett frå turvegen rundt Neset og over Dønhaug, er det lite gjort dei siste åra. I tillegg må vi ta med turen til Flåtene, ein fin rundtur inn på Eik og ned på Nedre Fet eller omvendt.

Med godvilje frå grunneigarane Erlend Bjørnebøle, Magne Huglen og Kåre Myklebust går mange over Dønaugbrua og vidare over Holmane. Det er ein fin tur over og langs elva. Turen til Kalkstasjonen og til Fjellandsbø er også mykje brukt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Deler av vegen er våt og ein må gå på fjell eller i bekkefar.